



REVISJON AV SAMARBEIDSAVTALEN 2025

REFERAT

Møteleiar
Referent
Møtenummer
Dato
Stad

FORHANDLINGSUTVALET

Stian Endresen
Oddvar Marøy
3/2023
12.05.2023 kl 08.30
Waterfront - Ålesund

Organisasjon	Medlemar	Møtt
Helse MR HF	Kjetil Lundberg - Jan Rino Austdal - jurist Eli Otterlei - samhandlingssjef Trude Gudbrandsen Solenes	
Kommunane i M&R	Kjetil Leirbekk – kommunalsjef Averøy kommune Cato Innerdal – kommuneoverlege Molde kommune Guri Hasund Reiten – advokat Ålesund kommune Ragnhild Aarflot Kalland – leiar forv.konto Volda kommune	
Brukarrepresentantar	Paula Næss Skår - brukarrepresentant HMR Eilin Reinaas – brukarrepresentant kommuner (taems)	
Praksiskonsulent	Stian Endresen - praksiskonsulent	
KS-representantt	Marianne Aasen KD-nettverket	
Sekreteriat	Karethe Kristoffersen Aam – Helse MR HF Oddvar Marøy - Samhandlingskooordinator søre Sunnmøre	

SAKSLISTE

Sak nr	Sak
	<p>Oppsummering frå gårdsdagen. Bruker tid fram til neste samling for å lande det som no ikkje er avklara. Partane deler på teamsområdet.</p> <p>Fagutval for pasientsamarbeid – kan eit utval ha hovedtyngda og vareta faglege samhandlings- og samarbeidsutfordringane</p> <p>Burde ein og satse på ein felles sjukepleierressurs på line med praksiskonsulentordninga.</p> <p>Revisjonsgruppe / arbeidsgruppe bør gå gjennom referat og endringsforsklkag som leggst fram for felles gjennomgang på neste samling</p> <p>Delavtale 1 Oppfordrer partane jobber med i sine referansegrupper og dele på teamsområdet før samlinga i august, frist 17 august dei innspel ein ynskjer skal vere med . Det vert vanskeleg å jobbe med delavtale 1 før tvistesak er ferdig behandla. HMR er tydeleg på at tvistesakene kun gir avklaring gjeldande avtaleperiode.</p>

Helsefelleskap Møre og Romsdal



	<p>Kommunane meiner at resultat i tvisteløysingsnemnda har konsekvens for framtidige avtalar. 20 juni må tvist 24 aug neste møte Nivå 3 – Fagutvala</p> <p>Innspel Bør hovudavtalen ha med punkt 6.4 om medverknad frå arb.takarorganisasjonane. Kommunene</p> <p>Korleis sikre informasjon til anna helsepersonell.</p>
23/23	<p>Revisjon av hovudavtalens punkt 7 «Avvikshandtering og forbetningsarbeid» Bør forbetningsarbeid fokuserast sterkare. Kan ein spele inn til digitalt fagråd ynskje om utarbeiding av felles avvikssystem som sikrar involverte fageiningar enkel tilgong og høve til gode rapportar. Statstikk aleine gir lite å forhalde seg til for å gjennomføre godt forbedringsarbeid. Stor underrapportering på avviksmeldingar. Tilbakemeldingane frå HMR er mangelfulle mtp forbetring eller endring. Tilbakemelding frå kommunane er fråverande.</p> <p style="text-align: center;">Arbeidet med avvikshandtering, forbetningsarbeid og erfaringsutveksling skal vere høgt prioritert hos partane <u>og særleg vere tema i SSU og LSU.</u></p> <p>Dersom partane ikkje følger avtalen kan det ligge føre eit avvik. Brot på retningsliner som fører til dårleg samarbeid er også eit avvik. Formålet med avvikshandteringa skal vere <u>kontinuerlig læring og forbetring og erfaringsutveksling.</u> Partane har etablert system for å melde avvik innan alle samarbeidsområda som er omfatta av avtalen jf. <u>«Prosedyre for melding og håndtering av avvik mellom kommunen og helseforetaket»⁶</u></p>
24/23	<p>Revisjon av hovudavtalens punkt 8 «Ueinighet-tvisteløysing om avtalens innhald» Spm om SSU er eit eigna utval for behandling av tvistesaker. Lokalt tvisteorgan har ikkje vorte oppretta og ein ser ikkje for seg dette som eigna. Utvalet ser det tenleg med ei forenkling. Godkjende retningsliner vert inkludert i tillegg til avtalen.</p>



	<p><u>Handtering av usemje om forståing av avtalen</u></p> <p>Partane plikter å søke løysing på usemje om forståing av avtalen i samsvar med prosessar omtala under punkt 8.1 og 8.2 før ei sak vert sendt til domstolane jf. punkt 8.3.</p> <p><u>8.1 Dialog og forhandlingar</u></p> <p>Usemje om innhaldet i avtalen skal først prøvast løyst gjennom dialog og forhandling.</p> <p><u>8.2 Tvisteløsningsnemnda for helse- og omsorgssektoren</u></p> <p><u>Dersom ein ikkje kjem til semje gjennom dialog mellom partane, kan saka sendast til den nasjonale tvisteløsningsnemnda for råd om løysing.</u></p> <p><u>8.3 Ordinær domstolsbehandling</u></p> <p>Dersom partane ikkje klarer å løyse usemja gjennom dialog og forhandlingar eller etter <u>rådgevingda avgjerdslø frå Tvisteløysingsnemnda</u>, kan kvar av partane sende saka til dei ordinære domstolane. Den kommunale parts tingrett er verneting.</p>
25/23	<p>Revisjon av hovudavtalens punkt 9 og 10 «Mislighald» «Endring og oppseiing av avtalen»</p> <p>9 Misleghald – ingen endring</p> <p>10 Endring og oppseiing av avtalen</p> <p>Spm om evt oppseiing også kan gjelde delar av avtalen og om dette skal spesifiserast.</p> <p>Spesifisere kven partane er og som har mynde til å seie opp avtalen.</p> <p>Partane skal årleg gå gjennom samarbeidsavtalen og vurdere behov for revisjon. Dette er pedagogisk viktig for forankring og bevisstgjerjing.</p> <p><u>10 Avtaletid, revisjon og oppseiing av avtalen</u></p> <p>Avtalen trer i kraft ved signering og gjeld fram til ein av partane seier opp avtalen. Oppseiingstida er på eit år⁷. <u>Det er kommunestyret sjølv eller styret i helseføretaket som har mynde til å seie opp avtalen.</u></p> <p>Kvar av partane kan krevje at <u>heile eller delar av</u> avtalen skal reviderast, dersom vesentlege føresetnader for avtalen vert endra.-</p> <p>Partane skal i partnerskapsmøte «årlig gjennomgå avtalen med sikte på nødvendige oppdateringar eller utvidelser», jf. helse- og omsorgstjenestelova § 6-5 første ledd.</p>



	<p>Avtalen skal reviderast kvart fjerde år.</p> <p>Rydding i avtaleteksta vedrørende prosess med val til forhandlingsutvalet. Drøfta om sekretariatfunksjonen skal formaliserast. Vert teke med under 5.5 sekretariatet som ny oppgåve.</p> <p>10.1 Forhandlingsutval</p> <p><u>Forhandlingsutvalet har ansvaret for å revidere samarbeidsavtalen mellom HMR HF og kommunane i Møre og Romsdal.</u></p> <p><u>Forhandlingsutvalet veljast</u> for ei periode på fire år.</p> <p>10.1.1 Samansetting</p> <ol style="list-style-type: none"> a. Leiar for praksiskonsulentane skal delta som representant for fastlegane. b. Fire representantar frå kommunane og fire representantar frå helseføretaket. c. To brukarrepresentantar d. Ein representant frå KS med talerett. <p>Kommunane sin representantar i forhandlingsutvalet vert valde av dei interkommunale politiske råda.</p> <p>Ein brukarrepresentant frå helseføretaket peikast ut av brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal HF, og ein brukarrepresentant frå kommunane peikast ut av brukarorganisasjonane.</p> <p>Dei endringane som forhandlingsutvalet foreslår, skal behandlast av strategisk samarbeidsutval. Vedtak om endringane gjerast av kvar einskild kommune og helseføretaket etter tilråding frå strategisk samarbeidsutval.</p>
26/23	<p>Eventuelt</p> <p>Korleis skal beredskap inkluderast i samarbeidsavtalen</p> <p>Neste møte vert i Molde. Møtestart kl 09.00. Får då heil dag sjølv om det medfører overnatting for repr. frå søre.</p> <p>Ordning med å arbeide på eit felles dokument fungerer godt. Ingen endrar i tekstdokumentet, kun innlegg av merknader.</p>
27/23	